

# Ro, ro te Baltaskjer

Barnevers etter Anna Utne (f.1940) frå Sund.



Ro, ro te Bal-ta-skjer, dra - ga sei-en og hiv`an her. Salt han bå - de med  
6  
is - ter og rougn, tek han i bå - ten og før han te Sougn. Dar ska`me byt`an i  
10  
malt og kødn og so ska me bryg - gja og ba - ka  
13  
bad - ne så god ei ka - ka, og den ska`bes - to få sma - ka.

Ro, ro te Baltaskjer,  
draga seien og hiv`an her.  
Salt han både med ister og rougn,  
tek han i båten og før han te Sougn.  
Dar ska`me byt`an i malt og kødn  
og so ska`me bryggja og baka  
badne så god ei kaka,  
og den ska`besto få smaka.

*Te = til.*

*Draga seien = dra/fiske sei (sei = fiskesort).*

*Hiv`an her = ligg han her.*

*Ister = feittlag omkring innvollane i dyr/fisk.*

*Rougn = rogn.*

*Sougn = Sogn.*

*Byt`an = byte han.*

*Kødn = korn.*

*So ska` = så skal.*

*Badne = barnet.*

*Besto = bestemor.*

## Anna Utne (f.1940)

er fødd Kragh Wehn og budde si første tid i Hosanger på Osterøy. Far hennar, Hilmar Kragh Wehn var bergingeniør i Litland gruver. Dei budde også i Mo i Rana og Oslo før dei slo seg til på Paradis i Bergen i 1946. Anna gjekk på Storetveit skule, og fekk sidan gå på realskule i Fana. Ho tok artium ved Danielsen gymnas i Bergen. I sitt vaksne liv har ho arbeidd som bioingeniør, mellom anna ved Haukeland Universitetssjukehus. Anna gifta seg i 1962 med Amund Christian Utne (f.1938). Familien hans arbeidde i og eigde Salhus veverier. Song- og musikkinteressa har Anna arva etter begge foreldra. Anna har reist og opplevd folkemusikk og folkedans ulike stader i landet. Ho har samla songane etter mora, Olga Elida Bakke (1906-1987). Ho var fødd på Glesvær i Sund. Olga fekk lære å spele orgel og song mykje. Ho hadde også stor interesse for historie, og var med i sogelag, mellom anna saman med Arne Bjørndal. Ho fekk også gå på realskule i Sand i Ryfylke, tok artium ved Voss landsgymnas og tok seinare studiar i mellom anna Berlin. Sjukdom gjorde at ho ikkje fekk fullført medisinstudiet som ho hadde byrja på. Ho utdanna seg seinare til radiograf i Berlin. Ho gifta seg med Hilmar Kragh Wehn (1907 – 1984).

Då foreldra til Olga E. Bakke gifta seg, var det sjølvaste Arne Bjørndal som var felespelar. Dette var etter det Bjørndal sjølv skal ha sagt første gong han spelte i bryllaup. Ein kan også nemne at oldefar til Anna Utne var felespelaren Jørgen Wehn frå Røros. Han deltok på ei rekkje landskappleikar.

Anna Utne har i mai 2020 overlevert eit knippe barnesongar til innsamlaren Kjersti Møllerup Wiik. Vi er glade for å kunne presentere fleire av desse i songboka vår: «Hei, Rokken», «Ro og rikka» og «Ro, ro te Baltaskjer».

«**Ro, ro te Baltaskjer**» er eit barneverv som finst i svært mange ulike variantar over heile landet. Mest kjent i dag er nok «Ro, ro til fiskeskjær». Barneverva har vorte sungne som underhaldning for barna. Mange er gjerne tøysete og full av leik og moro, medan andre av versa nok også har vore brukt til å lære borna ulike ting. «Ro, ro te Baltaskjer» er nok ein slik song. Borna langs kysten var van med at far og eldre søsken reiste på fiske. I denne songen fekk dei høyre om korleis fisken vart fiska, den vart salta ned i tønner og deretter sendt til Sogn. Der byta dei fisken i andre varer som dei trong, til dømes korn og malt. Av dette bryggja dei øl og baka kaker, som store og små fekk etterpå. I denne boka finn du fleire andre variantar: «Ro, ro på fjord`n» etter Jenny Mathilde Olsnes frå Fedje, «Ro, ro rikke» etter Randi Skurtveit frå Meland/Alver og «Ro, ro te Siraland» etter Ingeborg Mjanger frå Masfjorden.